



BPO Masfjorden og Lindås Nord/v Sveinung T. Mjanger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1503 - 19/31663

Saksbehandlar:

Andreas Granli

Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:

28.10.2019

## Viltfond - søknad om midlar til BPO Masfjorden og Lindås nord - vedtak

Det er søkt om midlar frå det kommunale viltfondet til drift av bestandsplanområde Masfjorden og Lindås nord. Bestandsplanområde søkte og fikk midlar for førre planperiode. Det er søkt om 20 000 kr frå kvar kommune, totalt 40 000 kr.

Det kommunale viltfondet får tilført midlar frå fellingsavgifta kvart år. Bruken av fondet er regulert av FOR-2011-05-15-537 *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.*

Fondet kan nyttast til:

- Tilskot til tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering med meir.
- Å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å førebyggja skade på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

### Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng.

Landbrukskontoret har vurdert søknaden samt resultatet frå dei to føregåande åra med bestandsplan. Det er eit mål for forvaltninga at jegerar og grunneigarar skal ha ein større rolle i hjorteviltforvaltninga. Vår vurdering er at bestandsplanområdet fungerer godt og at fellingsavgifta frå valda i bestandsplanområdet dekkjer søknaden om tilskot.

### Vedtak

Det vert løyvd 20 000 kr frå viltfondet i Lindås kommune til drift av bestandsplanområdet. Midlane skal utbetalast frå det kommunale viltfondet til konto 3637.31.47960.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedtak om tildeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Andreas Granli

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Turid Klementsens

**Mottakarar:**

BPO Masforden og Lindås Nord/v  
Sveinung T. Mjanger